



Sykkylven kommune

Arkiv:
JournalpostID: 25/922-12
Saksbehandlar: Birte Enstad
Dato: 17.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS-49/25	Nærings- og utviklingsutvalet	28.10.2025
PS-65/25	Kommunestyret	10.11.2025

Kommunedelplan for klima og energi - slutthandsaming og vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vedtar Sykkylven kommunestyre kommunedelplanen for klima og energi slik den ligg føre som vedlegg til denne saka.

Nærings- og utviklingsutvalet - 49/25

NU - behandling:

Det var 8 voterande i denne saka.
Rådgiver Birte Enstad orienterte og svara på spørsmål.
NU tilrår samrøystes: som framlegg frå kommunedirektør.

NUVedtak:

NU rår kommunestyre til å gjere slikt vedtak:
Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vedtar Sykkylven kommunestyre kommunedelplanen for klima og energi slik den ligg føre som vedlegg til denne saka.

Kommunestyret - 65/25

KST - behandling:

Samrøystes vedtak: Som nærings- og utviklingsutvalet si tilråding.

KSTVedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vedtar Sykkylven kommunestyre kommunedelplanen for klima og energi slik den ligg føre som vedlegg til denne saka.

Bakgrunn for saka

Kommunen starta arbeidet med ny tematisk kommunedelplan for klima og energi 03.05.2019 (arkivref: 19/348).

Arbeidet med planen vart sett ut til Sunnmøre Regionråd, som stod for utarbeiding av både kunnskapsgrunnlag og sjølv planutkastet. I tillegg var det sett ned ei intern arbeidsgruppe i administrasjonen. I 2022 vart arbeidet stoppa på grunn av tidsbruk og kostnader som gjekk ut over rammene som var gitt for arbeidet.

I 2025 vart planarbeidet gjenopptatt med ei ny arbeidsgruppe.

Arbeidsgruppa har utarbeida eit forslag til klima- og miljøplan som no sendast over til politikarane for vedtak.

Saksopplysningar

Klima- og energiplanen skal sette mål og strategiar for korleis Sykkylven kommune skal møte framtida med omsyn til klima og framtidig energibehov. Planen er overordna og skal stå seg over tid. Konkrete tiltak for å nå langsiktige mål vil derfor kome fram i årlege klimabudsjett. Klimabudsjetta vil slik fungere som handlingsprogrammet til klima- og energiplanen.

Ny arbeidsgruppe starta i 2025 med oppdatering av kunnskapsgrunnlaget. Det vart også gjennomført ei innbyggerundersøking om klima og miljø, og samla innspel til planen både digitalt og gjennom eit opent folkemøte i mai. Planutkastet vart deretter utforma basert på oppdatert kunnskapsgrunnlag og innspel frå innbygarane.

Det vart orientert om planarbeidet i dei politiske råda og utvala i april 2025.

Planutkastet vart lagt ut på høyring 10.07.25, med frist for merknadar 10.09.25.

Informasjon om høyringsrunden vart publisert gjennom kommunen si heimeside, annonse i Nyss, og delt på kommunen si facebookside. I tillegg vart planen m/vedlegg sendt til følgande mottakarliste:

Attvin AS, Brunstad Kraft AS, Mattilsynet, Møre og Romsdal Fylkeskommune, Norges Naturvernforbund, Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Straumen Nett AS, Sykkylven Bonde- og Småbrukarlag, Sykkylven Bondelag, Sykkylven Energi AS, Sykkylven Industri- og Næringslag, Sykkylven Skogeigarlag.

Merknadar til planen er gjennomgått og oppsummert i eige vedlegg i saka: «Vurdering av høyringsmerknadar». I dette vedlegget står det forklart kva endringar som er gjort i planen som følge av merknadane.

Vurdering

Arbeidsgruppa har vurdert merknadane som kom inn i høyringsrunden til å ikkje vere av slik karakter at det er nødvendig å legge planen ut til 2.gongs høyring. Merknadane gjeld i hovudsak nokre presiseringar samt flytting av innhald for å gjere planen meir lesevenleg.

Klima- og energiplanen blir derfor tilrådd vedtatt slik den ligg føre, med dei endringane som har blitt gjort etter 1.gongs høyring.

Økonomiske konsekvensar

Klima- og energiplanen inneheld overordna mål og strategiar for å nå måla for klima og energi. Årlege klimabudsjett blir å rekne som handlingsdelen til klima- og energiplanen. Tiltaka i dei årlege klimabudsjetta vil synleggjere økonomiske kostnader knytt til dei enkelte tiltaka.

Klima og miljøpåvirking

Målet med planen er at den skal føre til positive endringar på klima og miljø, og bidra til reduserte klimagassutslepp.

Torbjørn Emblem
kommunedirektør

Synnøve Hunnes

Vedlegg:

Klima- og energiplan 2025-2037.pdf

Kunnskapsgrunnlag til klima- og energiplan.pdf

Vurdering av høyringsmerknadar.pdf

Resultat frå innbyggjarundersøking klima og miljø.pdf

Innbyggarmedverknad - rapport.pdf